



Saksbehandlar: Jo-Andreas Lunde Meisfjordskar, Nærings- og kulturavdelinga  
Sak nr.: 16/8614-1

## Fjord Invest Såkorn AS - kapitalauke

**Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gje slik tilråding:  
Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:**

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune løyver 5 mill. kr til ny aksjekapital i Fjord Invest Såkorn AS. Fylkeskommunen utvidar med dette sin eigardel i selskapet.
2. Aksjekjøpet vert finansiert med tilgjengelige driftsmidlar i 2016. Naudsynte endringar i drift- og investeringsbudsjettet for 2016 vert vedteke i saka «Endringar i budsjettet for 2016», som går parallelt med denne saka til fylkestinget.
3. Fylkestinget forventar at Fjord Invest Såkorn AS får etablert ein breiare eigarstruktur. Fylkeskommunen er budd på å redusere sin eigardel i selskapet som følgje av at nye eigarar kjem inn.
4. Fylkesrådmannen får fullmakt til å gjennomføre vedtaket.

Vedlegg:

- Søknad frå Fjord Invest Såkorn AS – ikkje off., jf. § 23-4 offentleglova

## SAKSFRAMSTILLING

Bakgrunn

Sogn og Fjordane fylkeskommune har fått ein søknad frå Fjord Invest Såkorn AS om kapitalauke (emisjon) på 5-10 mill. kr. Som ein del av handsaminga av søknaden var representantar frå selskapet til stades i fylkesutvalet 2. november 2016. Fylkesutvalet fekk då ein presentasjon av selskapet og den noverande økonomiske situasjonen. Søknaden frå Fjord Invest Såkorn AS er vedlagt saka (ikkje. off.).

Fjord Invest Såkorn AS er eit fond som støttar små- og mellomstore bedrifter i startfasen med eigenkapital og kompetanse. Eigarane i selskapet er Sogn og Fjordane fylkeskommune (50,58 %), stiftinga REKOMP (32,95 %) og Fjord Invest AS (16,47 %).

Selskapet er for tida inne i ein krevjande økonomisk situasjon. Mesteparten av eigenkapitalen er bunden opp i investeringar. Ein manglar såleis midlar til nyinvesteringar og til å gjere oppfølgingsinvesteringar i dei selskapa ein allereie har investert i, samt driftsmidlar.

I dag har selskapet 6 bedrifter i eigen portefølje. Desse selskapa har ei samla omsetning på om lag 90 mill. kr (2015) og dei har 60 tilsette. Fjord Invest Såkorn AS sine investeringar har i dei seinare åra vore med å skape interessante gründermiljø i fylket, både på Campus i Sogndal (Rocketfarm), i Måløy (Easyform) og i Gulen (Beat). I dag har Fjord Invest Såkorn AS eigarandelar i Havkraft AS, Beat AS, Kunnskapsparken i Sogn og Fjordane AS, Rocketfarm AS, Østerbø Maskin AS og Quality Intervention AS.

Selskapet har vore eit godt tiltak for næringslivet i Sogn og Fjordane, og eit nyttig verktøy for næringsutvikling. Satsinga er også forankra i verdiskapingsplanen for fylket vårt. I tillegg til å støtte opp om gode initiativ, legg dette også til rette for samarbeid mellom offentleg og privat sektor. Metoden og samarbeidet er også velprøvd, og ein har gode resultat og vise til.

## Vurdering

Fjord Invest Såkorn AS har no søkt Sogn og Fjordane fylkeskommune om ei kapitalutviding på 5-10 mill. kr. Selskapet, som har som føremål å investere med risikovillig kapital i andre selskap, kan ha problem med å levere positiv avkastning på investert kapital over tid. Det kan difor vere behov for å tilføre selskapet ny kapital med jamne mellomrom. Fylkeskommunen har tidlegare tilført fondet 13,7 mill. kr i 2004 og 11,5 mill. kr i 2010.

Som i 2010 er fylkeskommunen einaste eigar som kan tilføre selskapet ny kapital. Dette er ikkje ein ønskja situasjon – korkje for selskapet eller for fylkeskommunen. Ein viktig føresetnad for å gå inn med ny kapital er at selskapet aktivt arbeider for å få etablert ein breiare eigarskap. Det må difor vere ein klår forventning at nye aktørar kjem inn på eigarsida før fylkeskommunen igjen vurderer ytterlegare kapitaltilførsel. Ved ein ny eigarstruktur kan det også vere aktuelt å redusere fylkeskommunen sin eigarskap i selskapet.

For å løyse selskapet sine kortsiktige utfordringar vert det tilrådd å løyve 5 mill. kr som skal nyttast til aksjeemisjon i Fjord Invest Såkorn AS. Fylkeskommunen vil som følgje av dette få ein større eigardel i selskapet.

Kjøp av aksjar er for fylkeskommunen ei investeringsutgift, og ho kan ikkje finansierast med lånemidlar. Det har vore peika på bufferfondet som ei mogleg finansieringskjelde. Det viser seg no at fylkeskommunen har tilgjengeleg driftsmidlar i budsjettet for 2016 som ev. kan nyttast. Fylkesrådmannen vil difor tilrå å auke bruken av driftsmidlar til investeringar med nemnde 5 mill. kr i budsjettjusteringssaka som går parallelt med denne saka til fylkestinget.

Etter eit ev. positivt vedtak i fylkestinget, vil styret i selskapet kalle inn til ekstraordinær generalforsamling for å be om fullmakt til å auke kapitalen i fondet. Kursen på aksjane vil bli fastsett av styret i Fjord Invest Såkorn AS etter forhandlingar med Sogn og Fjordane fylkeskommune. Styret vil deretter sørge for det praktiske rundt teikning av kapital og innbetaling av emisjonsbeløp.

Fylkesrådmannen vil følgje opp det vidare arbeidet med aksjeemisjonen overfor selskapet.

## Konklusjon

Jf. framlegg til vedtak.